
Fra: J.William Kay <jwkay@me.com>
Sendt: 6. mai 2014 22:38
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Elin Klausen; Benjamin Hicks
Emne: Sak 14/1758 - Byggesak GBNR 137/47 Alver

**Isdalstøbakken 55B
5916 ISDALSTØ**

6.mai 2014

Dykkar referanse: 14/1758 - Byggesak GBNR 137/47 Alver

**14/1758 - Byggesak GBNR 137/47 Alver
Avvik frå utomhusplan & plassering av parkeringsplassen P L2**

Vi har nyleg kjøpt leilighet 2 i den nye tremannsbustaden som er oppført i samband med dette prosjektet (Isdalstøbakken 55B). Vi har nokre merknadar til avvik frå utomhusplanen som vi gjerne vil gjere kommunen merksam på, og be om uttale.

1. Det er laga tilkomst til naboeigedomen sitt grøntareal (GBNR 137/181) frå fellesområdet tilhøyrande Isdalstøbakken 55. Denne kjem i konflikt med parkeringsplassen som er tildelt leilighet 2 (P L2), og er gjort utan avtale med oss.
2. Vi har fått skriftleg melding frå eigaren av GBNR 137/181 at det ikkje skal vera parkering på den plassen vi har fått tildelt på utomhusplanen (P L2). Dette etter avtale mellom han og byggjefirmaet.
3. Ifg. opplysingar frå byggjefirmaet skal parkeringsplassane P L1 og P L2 ha ei lengde på 6 meter kvar. Grunna avvik frå utomhusplanen som har oppstått under byggjeprosessen, er denne lengda redusert. Skulle ein likevel setja av 6m til kvar av plassane, vert innkøyrsele til eigedomen i knappaste laget, dersom P L2 si fulle lengde vert utnytta.

For vårt vedkomande vil vi at tilkomsten frå fellesområdet vårt til GBNR 137/181 vert fjerna, slik at den ikkje kjem i konflikt med parkeringsplassen P L2. Vidare bed vi om stadfesting frå kommunen om at utomhusplanen for prosjektet er gjeldande, og at leilighet 2 har fått tildelt parkering slik det går fram av planen.

Med helsing,

*J.William Kay & Elin Irene Klausen,
Isdalstøbakken 55B
5916 ISDALSTØ.*

